



Det nye lagerbygget skal liggja inntil høgdebassenget, mellom dette og fotografen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nå er det ei prioritert oppgåve å utnytte vatnet i Eikelva betre ved å gjera inntaket meir effektivt, men på lengre sikt må det satsast på alternative kjelder eller eventuelt supplement frå slike, til dømes Uskedalselva.

Det understreka formann Hans Reidar Kjærland under årsmøtet i Uskedal Vassverk onsdag kveld etter at Kjell Yri hadde stilt spørsmål om saka. .

No går det ein god del vatn forbi inntaket og det er erfaring for at det kan oppstå problem når det er kaldt og tørt i ein lengre periode. Då kjem ikkje minst Hjønnvåg i ein sårbar situasjon.

Kjærland trekte også fram Tverrelva og Børsdalselva som aktuelle kjelder, men minna om at det er dyrt å drifta fleire reinsestasjonar. Kanskje kan eit alternativ vera å pumpe vatn frå Uskedalselva til reinsestasjonen ved Eikelva.

Erfaringane som folk i Skårhaug gjorde i samband med brannen seinhaustes vart teke opp av Jan Henrik Hansen. Leidningane som ligg i det aktuelle området har for liten kapasitet i ein slik krisesituasjon. Under brannen la dei slantar frå elva, men det vart problem med kryssinga av riksvegen. Skårhaug Vel har teke opp saka med brannvernet men fått eit heller negativt svar og formannen var noko overgitt over dette.

- Det verkar som dei skyv ansvaret sitt frå seg. Vi i vassverket er sjølv sagt viljuge til å gjera vårt, men det er problematisk for oss hvis det blir eit kostnadsspørsmål, sa Kjærland, som la til at dette ikkje minst er ei oppgåve for Uskedalen Utvikling og dei lokale politikarane.

Johannes Feet kunne opplysa at han allereie for fire år siden hadde stilt seg positiv til eit kommunalt spørsmål om å leggja ein permanent vassleidning ovanfor brua, men sidan har det ikkje skjedd noko i den saka.

Det er like før byggjinga av eit 45 kvadratmeter stort lagerhus ved vassinntaket startar. Prisauken har vore formidabel i det siste og årsmøtet auka kostnadsråma for huset frå 300.000 til 500.000 kroner. Denne investeringa, som mellom anna omfattar eit naudstrømsaggregat, må til for at vassverket skal bli godkjent. Bygget er også viktig for å samla ting som er spreidd rundt i bygda, for at ein skal ha lagerplass for vannglas og for at Mattilsynet skal få eit lite kontor til bruk under inspeksjonar. Nybygget skal reisast ved sida av høgdebassenget og fullførast til ferien. Kostnaden vil truleg bli rundt 450.000 kroner.

To andre viktige investeringar er allereie skjedd: Strømforsyninga er forbetra. Kapasiteten var så svak at ein opplevde 10-15 feilmeldingar i døgnet på grunn av spenningsfall. I det siste er vegen fram til høgdebassenget, som var i ein misserabel forfatning, rusta kraftig opp.

Rekneskapen for i fjor viste ei overskott på 423.289 kroner mot 169.137 året før. Overskottet er avsett til fornyings- og reparasjonsfond. Inntektene auka til 945.343 kroner frå 930.263 året før samstundes som driftskostnadene gjekk ned frå 742.989 til 526.517. Men det verkelege resultatet for året 2007 isolert sett er 140.000 lågare enn det rekneskapen viser. Det er to grunnar: 2007-rekneskapen er belasta med 75.000 for lite til vedlikehald på grunn av ein feil i fjor og erstatningsoppgjere for naturskaden i 2005 vart ført til inntekt først i fjor.

Det private vassverket har to tilsette – formannen og forretningsfører Terje Myklebust og i fjor var lønnskostnaden 172.817 kroner. Årsmeldinga peikar på at dei totale vedlikehaldskostnadane ville vorte langt høgare hvis dei skulle nytta innleigd arbeidskraft. Vassavgifta vart ikkje auka i fjor og abonnent-talet auka med to.

I styret er Hans Reidar Kjærland, Øyvind Sture og Tom O. Haugland attvalde for to år medan Tor Ole Rød og Johannes Feet har eitt år att av funksjonstida si. Styret konstituerar seg sjølv.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedalen kan ikkje på lengre sikt stola berre på Eikelva som vasskjelde. (Foto: Ola Matti Mathisen)